


2016

Eigedomsskatt i Bremanger kommune

Informasjon

Bremanger Kommunestyre vedtok den 17.12.2015 å innføre eigedomsskatt på alle eigedommar i kommunen, gjeldande frå og med år 2016. I dette heftet finn du meir informasjon.



BREMANGER KOMMUNE

Tlf: 57 79 63 00

E-post: eskatt@bremanger.kommune.no

Sjå elles kommunen si heimeside: www.bremanger.kommune.no

Der vil det etter kvart ligge lenke til meir informasjon om eigedomsskatt.



Eigedomsskattekontoret

Tlf: 57 79 63 00



Generelt

Denne informasjonen vert sendt til heimelshavar/eigar av eigedom i Bremanger kommune, kor Bremanger kommune ikkje får formuegrunnlag av Skatteetaten.

Der det er fleire heimelshavarar/eigarar på same eigedom, er det oftast førstemann etter alfabetet som får tilsendt informasjonen, og som vert oppmoda om å orientere medeigarane.

Eigedomsskatt er ein skatt som kommunen rår over 100%.

Eigedomsskattelova og kommunale vedtak er grunnlag for forvaltning av eigedomsskatten i Bremanger kommune.

Det er oppretta eigedomsskattekontor lokalisert på rådhuset i Svelgen. Det er også oppretta to politisk valde nemnder: Sakkunnig takstnemnd og sakkunnig ankenemnd.

Eigedomsskatten vert utskriven i 2 terminar i 2016.

Eigedomsskatt og skatteutrekning

Det grunnleggjande vedtaket om innføring av eigedomsskatt vart gjort i Bremanger kommunestyre den 17.12.2015 (jf framsida).

I kommunestyret av same dato vart det gjort vedtak om å nytte **skatteetaten sitt formuegrunnlag (formueverdien)** som skattegrunnlag på dei eigedomane der det er mogleg.

Om lag halvparten av eigedomane i Bremanger kommune får formuegrunnlag frå Skatteetaten. Dei andre eigedomane vil få verdien fastsett etter taksering. Og det er disse eigedomane som får tilsendt dette skrivet.

Nærare om formuegrunnlag og taksering kjem seinare i skrivet.

Kommunestyret si rolle:

Kommunestyret fastset skattesats og andre faktorar for skattlegginga, men ikkje skattetaksten. Taksten er det sakkunnig takstnemnd som avgjer.

Kommunestyret kan i tillegg velje å innføre botnfrådrag i skattlegginga. For 2016 har kommunestyret vedteke eit botnfrådrag på 250 000 kroner. Det gis eit botnfrådrag per sjølvstendig bustaddel. Eigedomar utan sjølvstendig bustaddel vil ikkje få botnfrådrag.

Vedtaket om satsar og reglar som skal gjelde for det komande året vert gjort i kommunestyret sitt årlege budsjettmøte. Det er vedteke ein skattepromille på 2 for bustader (inkludert hytter/fritidsbustadar), mens det for andre eigedommar er vedtatt ein skattepromille på 7 for 2016, jf. eigedomsskattelova §§ 11 og 12a.

Formuegrunnlag

Formuegrunnlaget gjev uttrykk for eigedomen sin pårekna markedsverdi på tidspunktet for verdsetjinga. Formuegrunnlaget må ikkje forvekslast med eigedomen sin likningsverdi som vert lagt til grunn ved utskriving av *formuesskatt*. I og med at det er formuegrunnlaget (og ikkje likningsverdien) som skal nyttast i samband med eigedomsskatten, vert det ikkje skilt mellom primærbustad (bustad med same adresse som eigar) og sekundærbustad (andre bustader som skattytar eig og som ikkje er regulert som fritidsbustad).

Ved bruk av formuegrunnlag gjelder en obligatorisk reduksjonsfaktor på 20%. Det betyr at eigedomsskatten vil bli skriven ut med 80% av formuegrunnlaget, jf. eigedomsskattelova § 8 C-1 (2).

Taksering

Eigedomsskattetakst ved hjelp av taksering vert bygd på faktaopplysningar og skjønsmessige vurderingar. Faktaopplysningar om eigar, adresse, areal på bygningar og tomter m.m., vert henta frå offentlege register, med matrikkelen som hovudkjelde.

I den skjønsmessige delen vert både generelle og spesielle tilhøve vurderte.

Næringseigedomar, saman med verk og bruk, vert handsama spesielt. Den einskilde eigedomen sin verditakst dannar grunnlaget for skatteutrekninga. Taksten skal spegle marknadsv verdien, slik det står i Eigedomsskattelova §8 A-2, 1. ledd: **”Verdet av eigedomen skal setjast til det beløp ein må gå utifrå at eigedomen etter si innretning, brukseigenskap og lokalisering kan bli avhenda for under vanlege salstilhøve ved fritt sal”**. Gjennom rettspraksis er det slått fast at verk og bruk skal takserast til substansverdien.

For all eigedom der formueverdien frå skatteetaten ikkje kan nyttast, vert det gjennomført **utvendig** synfaring. Tilhøve på og rundt eigedomen som kan verke inn på taksten, vert vurderte. Der det manglar arealopplysningar på bygningar, vil det under synfaringa verte utført utvendig oppmåling.

Utvendig synfaring er ikkje avhengig av at eigar eller representant for eigar er til stades. Det er likevel *høve til å vere til stades*. Ynskje om det må meldes snarast til kommunen. Er det konkrete tilhøve som eigar meiner skal vurderast i samband med synfaringa, skal også dette meldast snarast. Hugs å gje opp gards- og bruksnummer for den eigdommen det gjelder i tillegg til telefonnummer, og de vert kontakta for nærare avtale.

Synfaring av eigedomar som utifrå regelverket skal takserast, tek til omgåande, og vil halde fram til midt i mars 2016. Som hjelpemiddel i synfaringa og den påfølgjande takseringa vil ein nytte reglar som er fastsette i dokumentet *”Rammer og retningsliner for taksering i Bremanger kommune, i medhald av lov om eigedomsskatt”*. Dette dokumentet vert gjort offentleg på same tid som skattelista.

Takseringsarbeidet vert utført av firmaet Eskan AS på oppdrag for Bremanger kommune. Firmaet gjennomfører også den utvendige synfaringa.

Fylgjande objekt skal takserast:

- **Eigedomar (bustader) som ikkje har fått formuegrunnlag frå Skatteetaten.**
- **Dei fleste bustadhus på aktiv landbrukseigedom.**
- **Bygg med kombinasjon bustad og næring.**
- **Reine næringsbygg.**
- **Garasjebygg, dei som ikkje kjem med under formuegrunnlag.**
- **Naust.**
- **Hytter/ fritidsbustadar.**
- **Sekundærbustadar som skatteetaten har definert som fritidsbustadar.**

Detaljert informasjon om takstgrunnlaget for den einskilde eigedom vert sendt ut før 1. april.

Om landbrukseigedom:

Eigedom med drift, gardsbruk eller skogbruk, har generelt fritak for eigedomsskatt. Fritaket gjeld ikkje bustadbygg, garasjebygg, fritidsbygg og næringsbygg for anna føremål.

Offentleg ettersyn

Informasjon om den einsskildede eigedom vert lagt ut til offentlig ettersyn 1. april 2016.

Informasjonen skal syne verdigrunnet (frå formuegrunnlag eller takst), saman med utrekna eigedomsskatt .

Informasjonen vil også innehalde orientering om klagerett på takst/ skatt.

Kontaktinformasjon

Servicekontoret

Tlf: 57 79 63 00

E-post:

eskatt@bremanger.kommune.no

Post:

Eigedomsskatt

Bremanger kommune

Postboks 104

6721 Svelgen

Sjå elles Bremanger kommune si heimeside:

www.bremanger.kommune.no

Merk alle e-postar / brev med "eskatt"



Andre relevante opplysningar

Det er eigedomsskattekontoret som administrerer skatteordninga.

Takstar vil som hovudregel stå fast i 10 år framover, men justering er mogleg dersom tilhøve på eigedommen endrar seg vesentleg.

Areal på bygningar tek utgangspunkt i bruksarealet (BRA) som kan seiast å vere arealet innanfor ytterveggane på bygningen. Arealet vert målt for kvar etasje i bygningen.

Etasjane vert kategoriserte som kjellaretasje, underetasje hovudetasje(r) og loftsetasje. Denne inndelinga er brukt i matrikkelen; det offentlege registeret over grunneigedomar.

